

Stortingets kommunal- og forvaltningskomite

Vår fil: B17-ÅTS009

Vårt arkiv: 403

Saksbehandler: Åsta Tale Strand

Oslo 25. april 2017

Innspel til Prop. 65L – endringar i kommunelova m.m

Viser til lovsak Prop. 65L, om endringar i kommunelova, som no er til behandling i komiteen. I og med at det ikkje er lagt opp til høring om denne lovsaka ønskjer vi formidle vårt syn til komiteen gjennom dette brevet.

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) ga høringssvar til Kommunal- og moderniseringsdepartementet i mai 2016 da forslaget om felles lov kom på høring.

FFO har opplevd eit stort engasjement frå våre organisasjoner og og ikkje minst våre fylkeslag rundt gjeldande lov og rundskriv for kommunale råd, og også knytt til forslaget om endringar i kommunelova.

FFO ser at det vil vere klokt at råda blir lovfesta gjennom kommunelova, spesielt når det også kjem ei lovfesting av ungdomsråd. Den foreslalte endringa kan tydeleggjere enda sterkare kommunen sitt ansvar til å følgje lov og forskrift.

Felles råd

FFO er fornøgd med at lovforslaget i Prop 65L er tydelegare på at «*Kommunestyret og fylkestinget skal selv velge et eldreråd og et råd for personer med funksjonsnedsettelse*» (Vår understrekning)

Iisolert sett er dette ei god nok formulering for å sikre at råd ikkje blir slått saman. Dessverre ser vi at det i departementet sine grunngjevingar og framlegg likevel blir opna for felles råd for desse gruppene, sjølv om det samtidig blir vist til at mange i høringsrunden tok avstand frå dette. FFO meiner dette er med på å uthole intensjonen i lovteksten. I vurderinga står det:

«Departementet er einig i at desse to gruppene har ulike behov og utfordringar. Det er difor viktig for departementet å streke under at dette skal vere eit alternativ for kommunane i dei tilfella det er vanskeleg å få på plass separate råd for desse gruppene. Hovudregelen er at kommunen skal opprette to separate råd – eitt for kvar av dei to gruppene.»

I «*Råd, regler og representasjon*» (NIBR- rapport 2014:14, januar 2014), blir det vist til at 11 til 13 prosent av kommunane har fellesråd. Denne undersøkinga var gjort før inneværande valperiode. FFO har på bakgrunn av tilbakemeldingar ei klar oppleving av at det er blitt fleire felles råd, og dersom det blir opna for dette vidare vil også kommunar med ulik grunngjevnad velje denne løysinga.

Same NIBR-rapport stadfestar også at ved felles råd er det flest representantar og flest rådsleiarar frå eldregruppa. Rapporten viser også at fellesråda er meir aktive på saksfelt som er relevant for eldre. FFO meiner dette er ein situasjon som ikkje tener breidda av personar med funksjonsnedsetting.

I høringsrunden våren 2016 ser vi at mange har kommentert felles råd, og langt dei fleste har frårådd dette. Vi ser at det både frå eldresida og funksjonshemmasida er stor skepsis til felles råd.

Det er i dag mange fellesråd til trass for at det i forarbeidet til gjeldande lovverk var uttrykt at fellesråd skulle vere unntaket. Befolkningsgrunnlag i små kommunar var eit argument, men det har vore erfaringar med at også større kommunar har benytta dette unntaket. Kommunane har stått fritt i å ta denne avgjerda sjølve.

For å sikre seg mot slike uheldige situasjoner meiner FFO at dette anten kan løysast ved at forskrifta ikkje opnar for unntak *eller* at det aktivt må søkast om dispensasjon frå hovedregelen.

FFO vil derfor be komiteen gå inn for ei streng handtering av kravet om at det skal vere eitt råd for eldre og eitt for personar med funksjonsnedsetting.

Forskrifter

I høringsrunden kommenterte FFO ei rekke av dei momenta som må inn i ei forskrift.

I Prop. 65 L blir ein del av forskriftområda omtalt, og det blir gjort tydeleg at det blir eigne forskrifter for kvart av medverknadsområda.

CRPD

Eitt av dei område FFO i høringsrunden framheva som svakt omtalt er FN-konvensjonen for rettane til menneske med nedsett funksjonsevne. Departementet skriv i si vurdering:

«Departementet ser at omtalen av FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD) i høringsnotatet er noko knapp. CRPD har eigne føresegner om plikta statane har til å sikre medverknad frå brukarane og organisasjonane i fortalen bokstav o) artikkel 4 nr. 3 og artikkel 29 bokstav b). Departementet har difor i kapittel 4.1.2 gitt ein fyldigare omtale av denne konvensjonen og dei viktigaste forpliktingane som Noreg er bunde av.»

FFO går ut frå at dette betyr at forskrifta vil få ein fyldig omtale om CRPD, og det er vi glad for.

Ungdomsrepresentasjon

I lovforslaget er det formulert krav til aldersamansetjing for både ungdomsrådet og eldrerådet, men ikkje for råd for personar med funksjonsnedsetting. I høringsnotatet vart det peikt på den svake ungdomsrepresentasjonen i kommunale råd for personar med funksjonsnedsetting. Å stille krav til alderssamansettning i eit råd som har eit ansvarsområde med personar i alle aldrar som målgruppe, er like naturleg. Spesielt når ungdomsrepresentasjonen har vore svært dårlig. Høringsnotatet viste til den tidlegare omtalte NIBR-rapporten der det kom fram klar dokumentasjon på at aldersamansetjinga i råd for funksjonshemma var svært dårlig. Det var høgt alderssnitt, og ungdom var i veldig liten grad representert.

FFO meiner at det anten i lov eller i forskrifter må settast strenge krav til ei alderssamansetjing som sikrar ungdomsrepresentasjon.

Forskrifter på høring

Det blir vist til at det skal utarbeidast forskrifter, og det er i forskriftene dei viktigaste beslutningane vil ligge. Vi har her i våre kommentarar vore innom nokre av dei, men det er mange andre forhold som er viktige for rådet sin funksjon. Dette omhandlar alt frå oppnemning og samansetjing til sakstilfang i rådet sitt arbeid.

FFO understreka i si høringsuttale at det er nødvendig at forskrifter blir sendt på høring. Vi kan ikkje ut frå det som står i Prop 65 L lese at dette er planlagt.

FFO ber derfor komiteen understreke at forskrifter må sendast på høring.

Beste helsing

FUNKSJONSHEMMEDES FELLESORGANISASJON



John Berg-Jensen
Styreleiar



Lilly Ann Elvestad
generalsekretær